

Halvårsrapport

pr. 30.06.2025

Luster Sparebank



Innholdsfortegnelse

Viktige tal per 30.06.2025	3
Melding frå styret.....	4
Resultat	4
Balansen.....	5
Misleghald, tapsnedskivingar og tap.....	5
Kapitaldekning	5
Utsiktene for resten av året.....	6
Rekneskap.....	7
Resultatrekneskap	7
Balanse	8
Resultatanalyse.....	9
Nøkkeltal	9
Eigenkapital	10
Noter	11
Note 1 Rekneskapsprinsipp.....	11
Note 2 Utlån til kundar	11
Note 3 Verdipapir	14
Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	16
Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden	16
Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav	17

Viktige tal per 30.06.2025

Totalresultat (mill. kr)

38,9

Forretningskapital (mill. kr)

5.934,6

Rentenetto

2,44 %

Kostnadsprosent

40,55 %

EK-avkastning etter skatt

9,76 %

Utlånsvekst (inkl bustadkredittselskap)

6,32 %

Innskotsvekst

7,70 %

Rein kjernekapitaldekning (morbank)

31,25 %

Melding frå styret

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første halvår på kr 39,0 mill. Tilsvarande resultat på same tidspunkt i fjor var kr 34,2 mill. Det er i hovudsak utbytte og verdiauke på banken sine investeringar i produkselskap som er årsak til resultatforbetringa.

Banken har pr. 30.06.2025 oppnådd ein rentenetto på kr 59,6 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,44 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr 55,6 mill., tilsvarande 2,44 % av gfk.

I andre kvartal 2024 gjorde banken endringar i forvaltninga av likviditetsporteføljen. Tidlegare investerte banken i obligasjonsfond. Avkastninga av desse fonda vart inntektsført under posten vinst/tap verdipapir. Banken har no gått over til å investere direkte i obligasjonar. Verdiendringar blir då ført under posten vinst/tap verdipapir, mens rentene blir ført som ein del av rentenettoen og bidreg til å auke denne. Ser ein vekk frå effekten av endring i forvaltning av likviditetsporteføljen, har rentenettoen vorte redusert. Konkursansen på utlån og innskot har redusert rentemarginen og trekk ned rentenettoen samanlikna med tilsvarande periode i fjor. Dette blir meir enn kompensert ved at inntekter frå likviditetsporteføljen i rekneskapen blir flytta frå andre driftsinntekter til renteinntekter.

Netto andre driftsinntekter er på kr 25,2 mill. pr. 30.06.2025, ein auke på kr 8,8 mill. samanlikna med 30.06.2024. Utbytte er kr 4,1 mill. høgare enn i fjor. Årsaka til dette er høgare utbytte frå banken sine produkselskap. I tillegg har eit selskap utbetalt utbytte første halvår i 2025. I 2024 vart utbytte frå dette selskapet utbetalt på andre halvår. (Luster Sparebank inntektsfører utbytte ved utbetaling).

Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument er kr 3,1 mill. høgare enn i fjor. Sjølv om renteelementet i avkastning på likviditetsportefølje er flytta frå vinst/tap verdipapir til renteinntekter (jf. kommentarar i førre avsnitt om forvaltning av likviditetsporteføljen), har verdiutviklinga på banken sine andre verdipapirinvesteringar vore så god at den meir enn kompenserer for dette.

Samla driftskostnader har auka samanlikna med fjoråret. Talet på årsverk har auka frå 23,5 til 26. Dette har bidrege til å auka personalkostnadane. I tillegg har kostnadane knytt til IT og marknadsføring auka.

Kostnadsprosenten pr 30.06.2025 er på 40,55 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 41,32 %. Luster Sparebank har ein låg kostnadsprosent samanlikna med bankar på same storleik.

Under rekneskapsposten tap er det kostnadsført kr 2,4 mill. pr 30.06.2025. Pr 30.06.2024 vart det inntektsført 0,7 mill. under denne posten.

Resultat etter skatt pr 30.06.2025 på kr 39 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 9,76 %. På same tidspunkt fjor var eigenkapitalrentabiliteten etter skatt på 9,44 %.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2025 er på kr 4.983,7 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 265,3 mill. (5,62 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2025 på kr 5.934,6 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 449,0 mill. (8,18 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.952,7 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 107,7 mill. eller 2,8 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2025 overført kr 950,9 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 767,3 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 291,4 mill. eller 6,32 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.2025 er fordelt med 27,07 % til næringskundar, 0,28 % til offentlig sektor/finans og 72,6 % til personmarknadskundar. På same tidspunkt i fjor var tilsvarende fordeling 26,97 % til næringskundar, 0,37 % til offentlig sektor/finans og 72,67 % til personmarknadskundar. Innskot frå kundar er bokført med kr 3902,0 mill. Veksten siste året er på kr 279,0 mill. eller 7,7 %. Banken sin innskotsdekning pr 30.06.2025 er på 98,7 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 80,2 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 131,0 mill.

Mislegald, tapsnedskrivingar og tap

Mislegaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjør kr 59,2 mill. kr. pr. 30.06.2025. Dette er ein nedgang med kr 7,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivingar har auka ned med kr 3,5 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2025.

Kapitaldekning

Frå og med andre kvartal 2025 vert kapitaldekninga berekna i samsvar med regelverket i Capital Requirements Regulation 3 (CRR3). CRR3 er ei revidert EU-forordning som implementerer dei nyaste tilrådingane frå Basel III. Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og operasjonell risiko. Endringane under CRR3 medfører isolert sett ei forbetring i den rapporterte kapitaldekninga på om lag 4,5 prosentpoeng for Luster Sparebank.

Pr. 30.06.2025 har banken ein ansvarleg kapital på kr 667,0 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.134,4 mill. gir dette ein rein kjernekapitaldekning på 31,25 %. Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekninga då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2025 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 32,97 %. Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 28,32 %, kjernekapitaldekning på 28,81 % og ei kapitaldekning på 29,42 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat for første halvår av 2025. Banken sin finansielle stilling er svært god. Norges Bank reduserte styringsrenta frå 4,50 til 4,25 prosent på rentemøtet i juni og varsla samstundes at det truleg vil komma fleire rentekutt i løpet av året. Prisveksten i norsk økonomi er avtakande, sjølv om den framleis er over målet, mens kapasitetsutnyttinga i økonomien om lag er på eit normalt nivå. Geopolitisk uro og endringar i handelsregime er likevel med på å bidra til at det er uvisse kring den globale økonomiske utviklinga frametter og korleis dette vil påverka også norsk økonomi. Styret vurderer at banken gjennom sitt lokal nærvær, tette dialog med kundane, nøkterne risikoprofil og låge eksponering mot kapitalmarknadane er godt tilpassa situasjonen.

Kredittveksten i norsk økonomi har auka noko, men frå eit lågt nivå. Det er samstundes sterk konkurranse mellom bankane. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god vekst, samstundes som banken leverer eit godt økonomisk resultat. Høg kostnadsvekst i samfunnet kombinert med utsikter til eit lågare rentenivå og svekka rentemarginer, vil venteleg halda fram med å gje press på bankane si inntening frametter. Med god kontroll på kostnadane og kunden i fokus meiner styret at banken framleis skal levera gode økonomiske resultat og vera ein føretrekt leverandør av finansielle tenester også frametter.

Gaupne, 14. august 2025

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Tom Dyrdal

Gry Høyheim

Anette Stegegjerdet Norberg

Thomas Dalsøren

Jermund Lien Molland
Banksjef

Rekneskap

Resultatrekneskap

(Tal i heile 1.000)	Note	30.06.25	30.06.24	Q2 25	Q2 24	31.12.24
Renteinntekter og liknande inntekter		130 053	122 134	65 694	62 872	253 502
Rentekostnader og liknande kostnader		70 447	66 561	35 555	34 415	135 033
Netto renteinntekter		59 606	55 573	30 139	28 457	118 469
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		8 440	7 463	4 400	3 801	16 708
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-1 232	-1 125	-679	-678	-2 231
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		8 392	3 461	5 721	2 491	6 566
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		9 544	6 413	7 718	1 683	21 829
Andre driftsinntekter		35	120	0	120	214
Netto andre driftsinntekter		25 179	16 332	17 160	7 417	43 086
Løn og andre personalkostnader		12 710	11 493	5 331	4 867	26 528
Andre driftskostnader		17 415	15 286	8 930	7 843	30 707
Ordinære avskrivningar		384	281	192	122	562
Sum driftskostnader		30 509	27 060	14 453	12 832	57 797
Tap på utlån, garantiar o.l.	2	2 424	-690	1 611	-848	3 923
Resultat før skatt		51 852	45 535	31 235	23 890	99 835
Skattekostnad		12 963	11 384	7 808	5 972	21 035
Resultat før andre inntekter og kostnader		38 889	34 151	23 427	17 918	78 800
Utvida resultat						
Andre inntekter og kostnader		105	33	142	27	-1 268
Totaltresultat		38 994	34 184	23 569	17 945	77 532

Balanse

EIGENDELER	Note	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Kontantar og fordringar på sentralbankar		80 640	78 179	79 072
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak		0		
Utlån til og fordringar på kundar	<u>2</u>	3 924 261	3 819 989	3 870 387
Renteberande verdipapir	<u>3</u>	0	262 765	262 804
Obligasjons- og pengemarknadsfond	<u>3</u>	0	115 352	82 590
Aksjar og grunnfondsbevis	<u>3</u>	661 333	180 886	194 100
Varige driftsmidler		7 644	6 865	6 446
Eigendeler ved utsatt skatt		3 702	3 876	3 702
Andre eigendeler		19 594	18 188	18 704
SUM EIGENDELER		4 983 685	4 718 362	4 809 309

GJELD OG EIGENKAPITAL				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	5	80 236	115 512	80 256
Innskott og andre innlån frå kundar	4	3 902 033	3 623 037	3 678 990
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	5	130 991	210 962	211 048
Anna gjeld		16 589	11 770	17 472
Avsetningar		32 107	12 957	36 326
Sum gjeld		4 161 956	3 974 238	4 024 092
Sum eigenkapital		821 729	744 124	785 217
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		4 983 685	4 718 362	4 809 309

Postar utanom balansen				
Garantiansvar		54 436	33 522	49 471
Pantsetjingar		217 174	262 765	237 165
Lån overført til Verd Boligkreditt AS		950 927	767 257	939 262
Gjennomsnitleg forvaltningskapital		4 924 599	4 588 414	4 691 952

Resultatanalyse

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Renteinntekter og liknande inntekter	5,33 %	5,35 %	5,40 %
Rentekostnader og liknande kostnader	2,88 %	2,92 %	2,88 %
Netto renteinntekter	2,44 %	2,44 %	2,52 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,33 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,05 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,34 %	0,15 %	0,14 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,39 %	0,28 %	0,47 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,01 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	1,03 %	0,72 %	0,92 %
Løn og andre personalkostnader	0,52 %	0,50 %	0,57 %
Andre driftskostnader	0,71 %	0,67 %	0,65 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,01 %	0,01 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,25 %	1,19 %	1,23 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,10 %	-0,03 %	0,08 %
Driftsresultat før skatt	2,12 %	2,00 %	2,13 %
Skattekostnad	0,53 %	0,50 %	0,45 %
Resultat etter skatt	1,59 %	1,50 %	1,68 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,00 %	0,00 %	-0,03 %
Totaltresultat	1,60 %	1,50 %	1,65 %

Nøkkeltal

NØKKELTAL	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Rentabilitet og effektivitet			
EK-avkastning etter skatt	9,76 %	9,44 %	10,53 %
Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir	40,55 %	41,32 %	41,36 %
Kostnadsprosent inkludert verdiendring verdipapir	35,98 %	37,63 %	35,78 %
Soliditet			
Eigenkapital i % av forvaltningskapital	16,49 %	15,77 %	16,33 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	28,32 %	23,64 %	24,90 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	28,81 %	24,15 %	25,33 %
Konsolidert kapitaldekning	29,42 %	24,76 %	25,83 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,21 %	11,80 %	12,75 %
Vekst siste 12 måneder			
Vekst i utlån på eigen balanse	2,80 %	4,99 %	5,88 %
Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak	6,32 %	5,72 %	8,58 %
Vekst i innskot	7,70 %	4,05 %	9,07 %
Vekst i forvaltning	5,62 %	1,85 %	7,10 %
Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak	8,18 %	2,86 %	9,21 %
Likviditet			
Innskotsdekning	98,72 %	94,23 %	94,39 %
Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak	79,58 %	78,55 %	76,06 %
LCR	348,43 %	220,05 %	282,00 %
NSFR	137,78 %	146,50 %	141,00 %

Eigenkapital

(Tal i heile 1.000)	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.2023	0	48 875	638 409	24 344	711 628
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	14 395	64 405	0	78 800
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	-1 268	0	-1 268
Avsetnad til gåver	0	0	-7 500	7 500	0
Gåver utdelt av styret i 2024	0	0	0	-3 942	-3 942
Eigenkapital pr. 31.12.2024	0	63 270	694 046	27 901	785 217
Resultat før andre inntekter og kostnader	38 889	0	0	0	38 889
Poster ført over andre inntekter og kostnader	105	0	0	0	105
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2025	0	0	0	-2 482	-2 482
Eigenkapital pr. 30.06.2025	38 994	63 270	694 046	25 419	821 729

Noter

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.

2) IFRS 15.113-128

3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap. Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og

forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskap for 2023 er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

Note 2 Utlån til kundar

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngåande balanse 01.01.2025	3 309 817	518 058	69 627	3 897 503
Overført til trinn 1	79 792	-76 162	-3 630	0
Overført til trinn 2	-120 428	120 428	0	0
Overført til trinn 3	-1	-2 533	2 535	1
Netto endring	-82 685	9 658	-144	-73 172
Nye lån	601 663	43 615	280	645 558
Frårekna lån	-435 590	-72 430	-9 220	-517 240
Utgåande balanse 30.06.2025	3 352 568	540 634	59 448	3 952 650

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2024	3 160 644	444 964	75 381	3 680 989
Overført til trinn 1	116 316	-116 292	-24	0
Overført til trinn 2	-177 916	177 916	0	0
Overført til trinn 3	-956	-3 709	4 665	0
Netto endring	-53 655	-4 806	-8 198	-66 659
Nye lån	659 800	35 338	3 220	698 358
Frårekna lån	-408 123	-50 686	-8 969	-467 778
Utgående balanse 30.06.2024	3 296 110	482 725	66 075	3 844 911

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Personkundar	2 867 851	2 793 399	2 858 654
Offentleg sektor	11 247	6 386	12 508
Finans og andre sektorar	3 511	8 535	7 794
Næring			
- Primærnæring	165 270	167 949	174 798
- Industri	41 076	38 815	36 422
- Kraftproduksjon	28 956	29 949	29 460
- Bygg og anlegg	79 912	142 650	85 160
- Handel	55 035	48 926	45 210
- Hotell og restaurantdrift	56 347	67 833	70 863
- Transport	29 478	27 219	24 452
- Eigedomsdrift	516 318	450 172	491 892
- Andre tenesteytande næringer	90 575	56 179	53 637
- Interesseorganisasjonar	7 074	6 899	6 653
Sum utlån før nedskrivingar	3 952 650	3 844 911	3 897 503
Trinn 1 nedskrivingar	-5 884	-6 722	-5 406
Trinn 2 nedskrivingar	-5 228	-3 904	-4 119
Trinn 3 nedskrivingar	-17 277	-14 296	-17 591
Sum utlån til og fordringar på kundar	3 924 261	3 819 989	3 870 387
Overført til Verd Boligkreditt AS	950 927	767 257	939 262
Totale utlån	4 875 188	4 587 246	4 809 649

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Misleghald næringlivskundar	26 269	34 022	35 222
Misleghald personkundar	2 906	1 500	385
Brutto misleghaldne engasjement	29 175	35 522	35 607
Trinn 3 nedskrivingar og avsetningar	-6 202	-8 947	-6 899
Netto misleghaldne engasjement	22 973	26 575	28 708

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	30 049	31 670	34 811
Trinn 3 nedskrivingar og avsetningar	-11 102	-5 411	-10 723
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	18 947	26 259	24 088

Kreditttap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. Tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum nedskrivingar
Nedskrivingar og avsetningar Inngående balanse 01.01.2025	7 968	4 621	439	17 183	30 211
Overføringer:					
Overført til trinn 1	634	-629	-5	0	0
Overført til trinn 2	-689	689	0	0	0
Overført til trinn 3	0	-5	5	0	0
Netto endring	-510	509	-2	-113	-116
Nye tap	2 264	956	15	0	3 235
Frårekna tap	-923	-724	-218	0	-1 865
Endring i risikomodell/parametre	0	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
Utgående balanse 30.06.2025	8 744	5 417	234	17 070	31 465
Verdijustert over andre inntekter					
kostnader	1 882	0	0	0	1 882
Sum nedskrivingar og avsetningar pr 30.06.2025	6 862	5 417	234	17 070	29 583
Konstatert tap	0	0	0	128	128
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-38	-38
Nedskrivingar på balansef. utlån til kundar	5 883	5 228	208	17 070	28 389
Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kundar	979	189	26	0	1 194
Sum nedskrivingar/avsetningar 30.09.2024	6 862	5 417	234	17 070	29 583

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 1 og 2	1 572	366	-327
Endring i nedskrivingar og avsetningar i trinn 3	662	-4 503	-1 007
Konstaterte tap med tidlegare nedskriving	0	4 175	5 889
Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivingar	227		168
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-38	-728	-801
Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	2 423	-690	3 923

Note 3 Verdipapir

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2023 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.06.2025

Verdsetjingshirarki					
	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjonar		263 178	0	263 178	0
Obligasjons og pengemarkedsfond					
Storebrand Likviditet B	13 619	140 092	140 092	0	0
Odin Likviditet H	502 890	51 541	51 541	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		191 633	191 633	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	234 705	7 195	0	0	7 195
Brage Finans AS	2 176 253	71 381	0	0	71 381
DNB Bank ASA	15 942	4 441	4 441	0	0
Eiendomskreditt AS	99 222	16 270	0	0	16 270
Frende Holding AS	40 986	24 674	0	0	24 674
Gjensidige Forsikring ASA	11 193	2 859	2 859	0	0
LB Selskapet AS	200	200	0	0	200
Lerum Brygge AS	4 000	347	0	0	347
Luster Energiverk AS	1 374	17 862	0	0	17 862
Norne Securities AS	119 758	1 023	0	0	1 023
Verd Boligkreditt AS	52 056	55 306	0	0	55 306
Visa		549	0	0	549
Flekkefjord Sparebank	9 853	1 227	1133	0	0
Kredittforeningen for Sparebanker	460	612	0	0	612
Sogn Sparebank	7 600	2 189	2 189	0	0
Andre aksjer		387	0	0	387
Sum aksjar og grunnfondsbevis		206 522	10 622	263 178	195 806
Sum verdipapir		661 333	202 255	263 178	195 806
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					185 305
Realisert vinst/tap					0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					3 386
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					7 115
Salg					0
Utgående balanse					195 806

Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Lønstakarar	2 911 146	2 701 437	2 696 060
Offentleg sektor	159 683	176 563	195 573
Finans og andre sektorar	129 770	85 034	99 258
Næring			
- Primærnæring	98 784	94 793	71 580
- Industri	20 300	24 932	28 973
- Kraftproduksjon	151 028	125 321	154 060
- Bygg og anlegg	107 899	98 703	112 042
- Handel	46 203	47 241	49 710
- Hotell og restaurantdrift	35 954	26 582	33 916
- Transport	17 932	13 814	15 719
- Eigedomsdrift	79 816	109 183	86 513
- Andre tenesteytande næringer	130 906	105 920	125 680
- Interesseorganisasjonar	12 612	13 514	9 906
Sum innskot	3 902 033	3 623 037	3 678 990

Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden

Innlån frå kredittinstitusjonar

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

	Opptak	Forfall	Margin	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	0,48 %	0	35 000	0
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	0,52 %	30 000	30 000	30 000
Kredittforeningen for Sparebanker	12.03.2024	28.09.2026	0,75 %	50 000	50 000	50 000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi				80 000	115 000	80 000
Påløpte renter				236	512	256
Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi				80 236	115 512	80 256

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

ISIN-nr	Opptak	Forfall	Margin	30.06.25	30.06.24	31.12.24
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	0,53 %	0	80 000	80 000
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0,51 %	70 000	70 000	70 000
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	0,61 %	60 000	60 000	60 000
Obligasjonslån nominell verdi				130 000	210 000	210 000
Tilbakekjøpte obligasjonar				0	0	0
Påløpte renter				1 002	1 032	1 089
Over/underkurs				-11	-70	-41
Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir				130 991	210 962	211 048

Endring i verdipapirgjeld

Endring i verdipapirgjeld	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01	211 048	210 952	210 952
Opptak av nye lån i perioden	0	0	0
Forfalte eller innløyste lån i perioden	-80 000	0	0
Innbetaling pålydande egne obligasjoner	0	0	0
Tilbakekjøp pålydende egne obligasjoner	0	0	0
Endring over/underkurs	30	31	35
Endring påløpte renter	-87	-21	61
Bokført verdi av verdipapirgjeld			
ved utgang av perioden	130 991	210 962	211 048

Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav

	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Eigenkapital	817 041	744 124	779 937
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-34 306	-34 184	0
- Frådrag	-115 730	-97 068	-104 909
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	667 005	612 872	675 026
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Lokale og regionale myndigheiter (kommunar)	3 644	4 931	3 645
Institusjonar	56 091	47 401	60 199
Foretak	0	77 818	76 390
Massemarked	494 287	323 343	379 403
Engasjement med pantetrygd i eigedom	0	1 411 631	1 423 088
Forfalte engasjementer	44 121	65 432	60 201
Høgrisiko-engasjement	0	62 268	51 782
Obligasjonar med fortrinnsrett	9 072	10 876	10 876
Andeler i verdipapirfond	79 543	0	0
Eigenkapitalposisjonar	209 073	23 070	16 518
Øvrige engasjement	21 290	91 013	95 366
Foretak u/ kortsiktig kredittvurdering, ekskl. spesialiserte utlån	120 209	22 062	18 430
Ikke inntektsgenererende boligeiendom (sikret)	283 806	0	0
Ikke inntektsgenererende boligeiendom (usikret)	66 872	0	0
Inntektsgenererende boligeiendom	145 269	0	0
Ikke inntektsgenererende næringseiendom (sikret)	67 189	0	0
Ikke inntektsgenererende næringseiendom (usikret)	67 709	0	0
Inntektsgenererende næringseiendom	193 406	0	0
Anskaffelse, utvikling og bygging	31 710	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1 893 290	2 139 846	2 195 898
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	241 084	218 919	254 098
Sum berekningsgrunnlag	2 134 375	2 358 765	2 449 996
Rein kjernekapitaldekning i prosent	31,25 %	25,98 %	27,55 %
Kjernekapitaldekning i prosent	31,25 %	25,98 %	27,55 %
Ansvarleg kapitaldekning i prosent	31,25 %	25,98 %	27,55 %
Uvekta kjernekapital i prosent	13,43 %	12,96 %	14,02 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. I første halvår 2025 har banken en eigarandel på 3,0 % i Verd Boligkreditt AS og 1,6 % i Brage Finans AS.

	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Konsolidert rein kjernekapital	765 345	716 944	761 376
Konsolidert kjernekapital	778 659	732 488	774 490
Konsolidert ansvarleg kapital	795 042	750 879	789 729
Konsolidert beregningsgrunnlag	2 702 620	3 032 614	3 056 929
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	28,32 %	23,64 %	24,91 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	28,81 %	24,15 %	25,34 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	29,42 %	24,76 %	25,83 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,21 %	11,81 %	12,75 %
Banken sine kapitalkrav	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	14,00 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	15,50 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	17,50 %	17,50 %
Pilar 2 krav	2,10 %		2,10 %

Banken sine kapitalmål

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet på 2,1%. Sett i samanheng med forventta finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	31.12.25
KAPITALMÅL KONSOLIDERT	
Mål for rein kjernekapitaldekning	17,7 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,2 %
Mål for kapitaldekning	21,2 %